

# MØTEPROTOKOLL

---

**Utval:** Utval for oppvekst og omsorg  
**Møtestad:** kommunehuset  
**Møtedato:** 16.03.04 **Tid:** 15.00-18.15

---

Innkalling til møtet vart gjort i samsvar med § 32 i kommunelova.

Sakslista vart sendt medlemene og varamedlemene (evt. dei to første varamedlemene på kvar valliste) i brev.

Møtet vart kunngjort i Samningen.

Av medlemmer møtte: 7 inkl. 0 varamenn.

## **Andre som var tilstade på møtet:**

Ass.adm.sjef Hilde-Lill Våge og sekretær Eva Hellevang.

Ordførar Marit Aksnes Aase var med under skriv og meldingar før sakane vart behandla.

Kulturkonsulent Tysseland under sak 03/04

## **Merknader:**

Evt. merknader til protokollen må sendast Samnanger kommune innan 3 dagar.

Tysse, 19. mars 2004

**GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE:**

Innkalling og saklista godkjend slik den ligg føre.

**GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ FØRRE MØTE:**

Protokollen vart godkjend

**UTVALET SITT KVARTER:**

Nils Gåsdaal stilte spørsmål om BUK si vurdering av plassering av ballbinga. Ass.adm.sjef refererte til handsaminga av saka i førre utvalsmøte, der ho munnleg orienterte om kva BUK hadde vedteke, før plassering av ballbinga vart handsama av utvalet.

Magda Haugen spurte om kva som skjer med natteneste-stillingane i open omsorg. Eldrerådet tok dette opp på siste møte. Ho ønska ei orientering i neste kommunestyremøtet. Administrasjonen følgjer dette opp.

Liv Berit Khadoor fortalte om Due-prosjektet i Bergen, som er eit prosjekt med utekontaktane i Kvam. Ho ønska å invitera prosjektansvarleg til eit møte i utvalet for å fortelja om prosjektet.

**MERKNADER TIL SKRIV OG MELDINGAR:****Stolpane skulehus**

Audhild Olsnes og kulturkonsulentene orienterte om status til arbeidsgruppa som arbeidar med flytting av Stolpane skulehus. Dei ønskjer å plassere skulehuset på Nordbygda og har innhenta ulike flyttingsalternativ og kostnad for dette. Kommunestyret vil få saka til handsaming i neste møte den 1. april. Dei må då ta stilling til om flytting og finansiering av dette. Det må gå fram i saksutgreiinga kva som evt. må gå ut på anbod.

**Kulturstien**

Hilde-Lill Våge orienterte om tusenårsgruppa si framdrift på tusenårsstien. Grillplass og kvernhuset vil i løpet av sommar ta form oppe på Tyssereinane. Likeeins vil det komme ei brosjyre og informasjonstavle. Gruppa voner å kunne snart avslutte denne delen av prosjektet og ha ei formell opning. Sjølve tusenårsstaden vert sett i samanheng med reguleringsplanen på Ytre Tysse og vert gjennomført som eit ledd i den prosessen.

**Symjeundervisning**

Elevane i 5 klasse på Nordbygda og Gjerde skule får tilbod om symjing i Eikelandsosen kvar onsdag no i vår. Kommunen må rekne med å måtte tilby slik undervisning fram til vi sjølv har eige tilbod i kommunen.

**BUK**

Ordføraren orienterte kort om BUK sitt arbeid og heimesida deira. Dei har kr 17.000,- på sitt budsjett og har fordelt kr. 2.000 til Kenya-prosjektet, medan resten til seinare fordeling. BUK-medlemmene vart utfordra til å intervju sine besteforeldre om kva som har skjedd i løpet av deira tid og korleis dei som elevar ser på Samnanger 20 år fram i tid.

Desse sakene vart handsama:

## **SAKSLISTE**

<b>Utvalgssakstype/nr.</b>	<b>Arkivsaksnr. Tittel</b>
0003/04	04/00026 <b>KULTURMIDLAR 2004. TILDEING</b>
0004/04	04/00052 <b>AUKA TIMETAL I GRUNNSKULEN - SMÅSKULETRINN.</b>
0005/04	03/00261 <b>PSYKIATRIPLAN 2004 - 2007 - REVISJON FOR TILTAKSPLANEN FOR 2004</b>

0003/04

**KULTURMIDLAR 2004. TILDEING****Framlegg til vedtak::**

Saka vert lagt fram utan tilråding.

**Handsaming i møte:**

Utvalet gjekk igjennom søknadane og røysta for tildelinga punktvis.

Tilslutt røysta utvalet for den samla tildelinga.

Vedtaka var samrøystes vedteke.

**Vedtak:**

Samnanger kommune tildelar kulturmidlar for 2004 til følgjande:

<b>KULTURMIDLANE 2004</b>	
Namn på søkjar	Tildelt 2004
<b>1.1500.3770.4701: Tilskot til song og musikk kr 47.000</b>	
Tysse/Nordbygda musikklag	20 000
Samnanger skulemusikklag	15 000
Samnanger barnekor	3 000
Den kulturelle skulesekken	9 000
<b>Sum</b>	<b>47 000</b>
<b>1.1500.3803.4701: Tilskot til idrettsarbeid, kr 78.000</b>	
Samnanger idrettslag	70 000
Tysse skyttarlag	4 000
Samnanger Jeger og Fiskerlag	4 000
Olympiatoppen, Hordaland	0
<b>Sum</b>	<b>78 000</b>
<b>1.1500.2310.4701: Tilsk. Barne- og ung.arb, kr 75.000</b>	
URD ul	10 000
Nordbygda ul.	32 000
Chanty	8 000
Arbeidstove, Nordbygda	1 000
Samnanger jentelag	1 000
Samnanger gutalag	1 000
Samnanger søndagsskulelag	1 000
Soul survivor, Samn. Kyrkjelyd	8 000
Nordbygda ul, Fylkesstemne	9 000
Norsk kulturskuleråd, barnas festspilldag	0
Hordaland teater, barneteater	4 000
<b>Sum</b>	<b>75 000</b>

<b>1.1500.3851.4701: Tilsk. Forsamlingshus, kr 23.000</b>	
Nordbygda ul.	10 000
I/S Vonheim	5 000
URD ul.	2 000
Tveit ul.	2 000
Samnanger indremisjon	2 000
Samnanger Røde Kors	2 000
sum	23 000
<b>1.1500.3854.4701: Øvrige kulturføremål, kr 25.000</b>	
Røde Kors, Besøksteneste	5 000
Samnanger Røde Kors	2 000
Samnanger historielag	1 000
Vonheim Revy og Teaterlag	3 000
Samnanger Pensjonistlag	2 000
Samnanger mållag	2 000
Naturvernforbundet, Hordaland	0
Sum	15 000
Administrativ fordeling	10 000
total sum	25 000

0004/04

#### **AUKA TIMETAL I GRUNNSKULEN - SMÅSKULETRINN.**

##### **Framlegg til vedtak::**

Samnanger kommune vedtek at fjerde klasse går frå skuleåret 2004-2005 ein ekstra dag på skulen. Dei får då 4 timar undervisning og to timar tilsyn på onsdagane. Første klasse få auka opp timeressursen med 1 time.

Skulane har ansvar for at timefordelingsplanen vert følgt opp, ved å forskyva timar i enkelte fag det eine året mot at klassen får att timane i det faget neste år. Kvar skule må finna den beste løysinga.

##### **Handsaming i møte:**

Magda Haugen la fram følgjande framlegg: "Saka vert utsett til neste møte i O.O. I mellomtida lagar administrasjonen ei undersøking mellom foreldra til 1-4 kl. om kva alternativ dei ynskjer når det gjeld å nytta dei ekstra timane som skulane er tildelt i budsjettforliket des. 2003. Det skal utgreiast fleire alternativ innanfor budsjetttrammene.

Forslaget vart samrøystes vedteke.

**Vedtak:**

Saka vert utsett til neste møte i O.O. I mellomtida lagar administrasjonen ei undersøking mellom foreldra til 1-4 kl. om kva alternativ dei ynskjer når det gjeld å nytta dei ekstra timane som skulane er tildelt i budsjettforliket des. 2003.

Det skal utgreiast fleire alternativ innanfor budsjetttrammene.

0005/04

**PSYKIATRIPLAN 2004 - 2007 - REVISJON FOR TILTAKSPLANEN FOR 2004****Framlegg til vedtak::**

Revidert framlegg til handlingsplan for psykiatrien for 2004 vert vedteken slik han er presentert i saka. Handlingsplan for dei andre åra i planperioden vil verta handsama seinare.

**Handsaming i møte:**

Revidert framlegg til handlingsplan for psykiatrien for 2004 vert vedteken slik han er presentert i saka.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

**Vedtak:**

Revidert framlegg til handlingsplan for psykiatrien for 2004 vert vedteken slik han er presentert i saka.

Handlingsplan for dei andre åra i planperioden vil verta handsama seinare.